



## Statens vegvesen

IL Kvernbit

Grethe Håkenstad

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 17/43797-3 20.04.2017

### Uttale til oppstart av endring av reguleringsplan – Fossemyra idrettspark

Vi viser til motteke varsel om oppstart av planarbeid for reguleringsendring av Fossemyra idrettspark, gnr. 24 bnr. 58 m.fl. i Meland kommune.

Fossemyra idrettspark er regulert i gjeldande reguleringsplan, planID 125620000301. Formålet med reguleringsendringa er å tillate bygging av fotballhall på ein del av arealet som er regulert til Friområde for idrettsbaner.

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkørsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. lokalsenter, busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til riksveg/fylkesveg
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker

I denne saka er vi spesielt oppteken av om tiltaket vi skape meir biltrafikk til området. Statens vegvesen meiner at fv. 244 mellom Fossemyra idrettspark og Frekhaug ikkje toler meir trafikk slik tilhøva er i dag, spesielt av omsyn til dei mjuke trafikantane langs vegen. Vi ber difor om at ein i planarbeidet utarbeider ein trafikkanalyse som omtaler korleis trafikken vil endre seg ved bygging av hallen. Denne må leggast til grunn for det vidare arbeidet.

Dersom tiltaket vil skape meir trafikk enn dagens reguleringsplan gir grunnlag for, vil vi be om at ein sett rekkjefølgjekrav om trygt gang- og sykkeltilbod langs fv. 244 før ein kan starte bygging av idrettshallen. Tilsvarande krav er varsla i andre planarbeid i området.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Statens vegvesen vil venteleg lage reguleringsplan for gang- og sykkeltilbod langs fv. 244 i løpet av dei nærmaste åra, men det er ikkje satt av byggjemidlar til tiltaket.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG